Høgskulen på Vestlandet

Fakultet for helse- og sosialvitskap

# Referat Utdanningsutval, FHS

## Dato: 3.10.23 Teems møte kl. 09:00-11:00

**Tilstede:** Unni Margrethe Uren Aasen, Margaret Søvik, Johannes Haltbakk, Linda Thue Lydersen og Hilde Kristin Tveit (ref).

**Forfall:** Torill Forbord og vararepresentant for henne møtte ikkje, studentrepresentanter

**Referat 23.5.23**

| Sak | Dokument | Kva skal skje i møtet? | Prosess | Ca tid |
|---|---|---|---|---|
| **1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste** | Vedlegg<br><br>Mandat Utdanningsutval | Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar.<br>Presentasjon av Utdanningsutvalet, nye og nåverande medlem samt vara.<br>Er det saker til eventuelt? | Prodekan | 5 min |
| **Referat:**<br>Mandat for utvalet blei ikkje gjennomgått da det var ingen nye deltakarar.<br>System for rombestilling blei meldt som sak til eventuelt. | | | | |
| **2/23 Oppsummering av kvalitetsarbeidet 2022-2023** | Vedlegg i Teams:<br><br>Sak 2 IHF Oppsummering av k | Kvart av institutta har summert opp kvalitetsarbeidet med utgangspunkt i arbeidet som har vore gjort i studieprogramråda.<br><br>Utdanningsutvalet blir invitert til å kommentere tiltaka som er aktuelt på fakultetsnivå | Prodekan | 30 min |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Sak 2 IHO Oppsummering av k<br>Sak 2 IVD Oppsummering av k | | | |

**Referat:**
Prodekan for utdanning gjekk gjennom oppsummeringane frå institutta. Oppsummeringane skal danne grunnlag for ei årleg sak i utdanningsutvalet og hensikta er at tema kan inngå i fakultetet sitt kvalitetsseminar som gjennomførast anna kvart år. Kjem det opp saker som har felles interesse skal dette inn i fakultetet sin strategiplan og busdjett for påføljande år.

Fellesnemnarar frå instituttrapportane:

- fleksibilisering av studieprogram
- ønske om søknadsfrist for masterprogram endrast til 15 april.
- styrke undervising
- styrke studentassistentordninga til også å gjelde for masterprogram. FHS har finansiering ut vårsemesteret 2024. Vidare behov for midlar til studentassistentordninga vil bli meldt inn i budsjettprosessen.

*Utdanningsutvalet tek saka til vitande, og har følgjande innspel til saka:*

- Saka om oppsummering av kvalitetsarbeidet har ikkje vore tydeleg nok informert ut på alle institutt. Informasjon om dette må oppdaterast på nettsida. Fakultetet er i startfasen på dette arbeidet og det er fyrste gong institutta er bedt om å gjere ei oppsummering frå studieprogramråda og kvalitetsarbeidet som gjerast i fagseksjonane
- Tiltaka som studieprogramråda set i verk er viktig å tydeleggjere i oppsummeringa til instituttet. Dette kan inngå som tema til fakultetet sitt kvalitetseminar
- Det er viktig å få innspel om tiltak som krev midlar og som må inn i budsjett for påfølgande år
- Er studentassistentane orientert om forlenga? JA studentane har fått melding om at ordninga også gjeld våren 2024
- Studentrepresentantar har i Studieprogramråd meldt om at ordninga bør fortsette neste studieår også
- Til IVD si oppsummering om tiltak for å styrke utdanning på tvers: IHF har felles undervisning (i bolkar) på tvers i danningsemnet (veke 36 og to veker i september/oktober). Viktig å avklare felles veker for å få til fellesundervisning. Dei har mykje digital undervisning (synkront) sidan det er mange studentar. Dei har rettleiing i grupper på campus mm

- Fleksibilisering har fleire meldt inn – mange utdanningar har avtalt med praksisfeltet at praksisemne ikkje må overlappa kvarandre. Praksisemne kjem innimellom teoriemna. I dag går praksisemna på fulltid.
- Internasjonalisering har fleire meldt
- Ny eigenbetalingsforskrift – kva for mogelegheiters gjer det for fleksibiliteten i studieprogramma? Korleis er rammene for dette ved HVL og korleis kan vi byggje gode studiemodellar der studentar frå praksisfelt inngår i den ordinære undervisninga.

**Utdanningsutvalet ber om at innspela tas med i det vidare arbeidet med kvalitetsarbeidet i fakultetet.**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **3/23 Innspel til studieportefølje 2024-2025 (D)** | Vedlegg ligg i Teams:<br><br>Sak 3 Prosess for utvikling av nye stuc | Fakultetet skal melde inn forslag til eigenfinansierte studietilbod og opptaksrammer for studieåret 2024-25 innan 15. oktober.<br><br>Omstillingsprosess – korleis leggje til rette for fleksibilitet i utdanningane og utnytte mogelegheitene eigenbetalingsforskrifta gir.<br><br>Orientering om vesentlege endringar i studieprogram som blei meldt 15. september.<br><br>Utdanningsutvalet bes om å gje innspel på studietilbod og opptaksrammer for 2024 – 2025. | Prodekan og Leiar for studieadministrasjonen orienterar og innleiar til diskusjon. | 25 min |

**Referat:**

Det er no eit stort arbeid på fakultetet. Frist for innspel til studieportefølje saka er 15. oktober. Fakultetet har fått strammare rammer der bl.a. Corona studieplassar fell vekk. Føljande skal svarast ut i saka:

- 5 overordna prinsipp: kompetansebehov, campus, økonomi, forsking og fleksibel utdanning
- Revidert SEFØ modell - til dømes vurdere etablering, vidareføring og nedlegging av studieprogram
- Trafikklysmodell. Det er no retningslinjer for trekk av utlyste studium dersom det er få søkjarar til studietilbodet i opptaket 2023. Studieprogram får raudt lys dersom det er under 50 % dekking av studieplassar. Program som ligg under 80% dekking får gult lys. Begge kategoriane må vurderast og svarast ut i saka
- Det må gjerast ei overordna vurdering.

Søknad om Vesentlege endringar i studieprogram som blei sendt innan 15. september:

- Master i sosialvitskap – endra frå fulltid til deltid
- Tverrfagleg master i helse- og rusarbeid med tverrfagleg vidareutdanning helse- og rusarbeid ( master i psykisk helse- og rusarbeid og 3 vidareutdanningar er samordna)
- Master i jordmorfag (RETHOS) fekk utsetting og sendast inn i slutten av oktober
- Rettleiingspedagogikk – emnenamna er endra og eit emne på 5 sp er revidert

Tverrfagleg vidareutdanning med barn og unge har vært oppdragsfinansiert studie. Dette har leiargruppa bestemt skal bli internfinansiert. Korleis dette skal gjerast og kor ein skal henta studieplassar frå til studiet, må handterast
Eureka prosjektet vil lage en base for små emne.

*Utdanningsutvalet har følgjande innspel til saka:*

- Er kompetansebehov spesifisert? Kva for kompetansebehov skal gjelde? Svar: kandidatmåltal er eit mål. Samfunnskritisk helsepersonell og utdanningar er eit anna mål. Dette ligg i oppdragsbrevet
- Prosessen og arbeid med studieporteføljа går i fleire rundar mellom institutta og leiarmøtet. Det vi kome nokre spørsmål frå fellesadministrasjonen etter fristen 15. oktober
- Det er laga eit skjema for å melde inn og registrere utvikling av nye studietilbod ved FHS på Sharepoint . Dette er utvikla for å få full oversikt over nye studietilbod. Prinsippa: kompetansebehov, campus, økonomi, forsking og fleksibel utdanning må leggjast til grunn når leiargruppe skal vurdere utvikling av nye studietilbod
- Det bør lagast nokre retningslinjer og prinsipp for etter- og vidareutdanning og rammer for vidare utviklingsarbeid. Meir gjenbruk av emne. Ha opning i studieprogram for å ta inn emne som allereie finst. Fakultet må tenkje meir heilskap i planlegginga
- Er det andre emne som ein kan tenkje effektivisering?
- Kva er fleksibilisering av studietilbod?
- Eksternfinansierte studietilbod er krevjande å utvikle
- Det krev meir arbeid og nye utfordringar i studieadministrasjonen på fakultetet med å drifte og følje opp fleksible studietilbod. Dette må vi også ta omsyn til
- FS og opptak er ikkje tilrettelagt for fleksible studietilbod
- Marknadsføring av eksterne emne må styrkast

**Utdanningsutvalet ber om at innspela tas med i det vidare arbeidet med studieporteføljesaka.**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **4/23 Evaluering av fellesemne MAMET** | Vedlegg ligg i Teams:<br><br>Kommer | Utdanningsutvalet blir presentert for resultatet av evalueringane som er gjennomført av MAMET emnet.<br><br>Utvalet bes om å gje innstill til vidare prosess knytt til vidareutvikling av MAMET fram mot EpN arbeidet 2024. | Prodekan og leiar for studieadministrasjonen orienterar og innleiar til diskusjon. | 20 min |

**Referat:**
MAMET er eit heildigitalt fellesemne som skal gå på kvart masterprogram.

Fem av 12 emnekoordinatorar for MAMET emna har gitt tilbakemelding på evalueringa.
Utfordringane er knytt til:

- ulik gjennomføring
- ulik vurderingsform på MAMET1ABIO (Spesialsjukepleie)
- stort kjernepensum
- Canvas rommet skal nyttas av alle programma

*Utdanningsutvalet har følgjande innspel til saka:*

- Master i spesialsjukepleie (MAMET1ABIO) ynskjer å fortsette med prosjektplan som vurderingsform
- Det er ulik praksis på i fakultetet om prosjektplan ligger i masteremne. Fakultetsadministrasjonen har laga ein oversikt som viser dette. Bør FHS diskutere saka vidare for å ha ei lik praksis?
- MAMET emnet bør være mest mogleg lik i fakultetet så lenge det er eit fellesemne
- Prosjektplanen i MAMET1ABIO er ikkje ferdig sjølv om det er ein eksamen i emnet
- Er tida inne for å setje ned eit team som driftar MAMET emnet på alle masterprogramma? Gjerne starte på eit institutt først og ta det steg for steg.
- Fleksibilisering – korleis går dette saman med fellesundervisning i MAMET?

**Utdanningsutvalet ber om at innspela tas med vidare til emneansvarleg for MAMET emnet og at leiinga bør diskutere innspelet om eit eiga team som skal drifte MAMET emnet.**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **5/23 Orienteringar** | Vedlegg ligg i Teams: | Utdanningsutvalet får følјande saker orientering: | Prodekan orienterar | 15 min |

<table>
<tr><td></td><td>Sak 5 Studenter møtt.docx<br><br>Sak 5 Slik skal tilsette og studenta</td><td><ul><li>Status studentar møtt lokalt og SO opptak 2023</li><li>Status - fokus for EpN arbeid 2024:<ul><li>Kunstig intelligens knytt til vurderingsformene</li><li>Fleksibilitet – tilby emne også for praksisfeltet?</li></ul></li></ul></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td colspan="5">Referat:<br>Kunstig intelligens (KI) er på full fart inn i sektoren. Det kan brukast på mange områder og kan og misbrukas.<br>KI knytt til vurderingsformer skal inn i EpN arbeidet for 2024-2025.<br><br>Innspel frå Utdanningsutvalet:<ul><li>Kjem det nokon anbefalingar om vurderingsformer KI? Det ligg nokre råd på eksamens sidene som er kopla til NTNU</li><li>UHR har utvikla tiltak til hjelp til studentar som ikkje har norsk som morsmål</li><li>Helse- og sosial EXPO – ei pilot skal gjennomførast våren 2024 ved IHF. Ergoterapi og radiografi har gjennomført noko av dette i fleire år. Avklaringar må gjerast, til dømes vere meir tydeleg på kva som er formålet med FHS EXPO til forskjell frå FiN EXPO.<ul><li>Formålet er formidling av kunnskap til praksisfelta, studentar og medstudentar frå andre utdanningar mm</li><li>Rekruttere og marknadsføre masterprogram til bachelorstudentar slik at dei får inspirasjon til å gå vidare og ta master</li></ul></li><li>Det haster å finne dato for EXPO! Fristen er 15. oktober for å melde inn rombehov til Areal.</li></ul>Utdanningsutvalet tek orienteringane til vitande.</td></tr>
<tr><td>6/23 Eventuelt</td><td>Vedlegg:</td><td>Neste møter<ul><li>28.11.23</li><li>6.2.24</li><li>23.5.24 felles med FOUI</li></ul></td><td></td><td>5 min</td></tr>
<tr><td colspan="5">Referat:<br>System for rombestilling<br>Fagseksjonsleiar får mange frustrasjonar frå emneansvarlige.</td></tr>
</table>

Areal legger inn det same som emneansvarlig (dei tar utskrift av lister og skriv inn)
Emneansvarleg bruker mykje tid på å gå gjennom og korrigere då det er mykje feil. Prosessen er krevjande.
Kan emneansvarlig få lenke til TimeEdit og leggje inn dette med ein gong?  Då vil fakultetet spare mykje tid.

Saka bør løftast til prodekan – dei ulike campusane gjer dette forskjellig.
Innspelet må med i arbeidet med fleksibilisering også